

Avtale mellom Museumssenteret i Hordaland (MuHo) og KODE

Denne avtalen erstattar tidlegare avtale mellom Museumssenteret i Hordaland og KODE, signert 11.11.2015.

Mellom MuHo og KODE er det inngått følgjande avtale:

MuHo skal utføra konserveringstenester for KODE – både innan tekstil- og gjenstandskonservering - innafor ei kostnadsramme på kr 1.339.000,- pr. år (+Ipv 3%). MuHo presenterer for KODE kostnader knytt til avtalen kvartalsvis eller på førespurnad.

Dersom KODE har behov for tenester ut over den avtalte kostnaden i avtaleperioden, vil desse tenestene verta fakturert på vanleg måte etter nærmere avtale mellom partane.

Intensjon om auka kompetanse på papir og måleri

MuHo og KODE har ein felles intensjon om at MuHo skal tilby konserveringskompetanse på måleri og papirarbeid.

MuHo kan ikkje skaffe seg slik kompetanse utan at dei økonomiske føresetnadane vært innfridde gjennom auka tilskot og/eller andre samarbeidsavtaler på feltet.

KODE treng slik kompetanse på MuHo om prinsippa for denne avtalen skal vidareførast og vidareutviklast.

KODE og MuHo skal arbeide saman for politisk gjennomslag i denne saka, slik at dei økonomiske føresetnadane kjem på plass.

KODE kan stilla konserveringsateller for maleri og papir til disposisjon for MUHO etter avtale.

Vilkår

MuHo vil ha arbeidsgjevaransvar for dei konservatorane som utfører tenestene i tråd med avtalen.

Kostnadsramma skal dekka følgjande:

**Lønskostnadar inkl. feriepengar og sosiale utgifter samt overtid og evt. andre ubekvemstillegg.
Administrative kostnadar (kontorhald, forsikring, reiser m.v.)**

Løns- og prisvekst skal dekkast i tillegg med 3% pr. år f.o.m. 2018.

Kostnad med materialar til konservering vert dekka etter rekning. Transport av gjenstandar mellom KODE sine avdelingar og Bevaringstenestene er KODE sitt ansvar.

Konsulentarbeid, møte osb fakturerast kun etter avtale mellom partane.

Avtaletid

Denne avtalen gjeld fra 01.01.2017. Avtalen har 6 månadar oppseiningstid.

Betaling

MuHo sender refusjonkrav til KODE 2 gonger pr. år; pr. 30.06. og 31.12.

Misleghald og brot på avtalen

Båe partar er gjennom avtalen forplikta til å samarbeida og sikra at føremålet med avtalen vert gjennomført.

Tvist

Dersom det oppstår tvist mellom partane om tolking av avtalen, skal tvisten først sokjast løyst ved forhandlingar. Fører ikkje slike forhandlingar fram innan to månadar, kan kvar av partane forlanga at tvisten vert avgjort med endeleg verknad ved norske domstolar.

Evaluering

Det skal haldast eit evalueringsmøte/statusmøte i løpet av september kvart år. MuHo v/Bevaringsjenestene tek initiativ til møtet.



Iffis den 7/7/17



Bergen den 7/7/17



Museumssenteret i Hordaland

Atle Ove Martinussen
direktør



Sigrud Sverdrup Sandmo

KODE
konst. direktør